



Meland kommune

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2593 - 17/4008

Saksbehandlar:
Kari Anne Iversen
kari.a.iversen@meland.kommune.no

06.03.2017

Førebels rapport - Tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Meland kommune 2017

Viser til førebels rapport. Meland kommune har desse kommentarane til avvik nr 1:

Planstrategi

Når det gjeld merknaden til planstrategien er det i førebels rapport peikt på manglar i denne i høve planer for beredskap.

I følgje nasjonal rettleiar til planstrategien er dette kommunen sin plan.

«Planstrategien er retningsgivende for kommunen si planlegging og har ingen direkte rettsvirkning for kommunens innbyggere. Det kan ikke fremmes innsigelse mot kommunal planstrategi.

2.2 Vurderingen av planbehovet (§ 10-1 første ledd) Kommunal planstrategi utformes etter behovet i den enkelte kommune. Det sentrale i paragrafens første ledd er at det skal ligge en vurdering til grunn for prioriteringene av planbehovet. Første ledd henviser til at denne vurderingen bør bygge på en drøfting av kommunens planbehov i lys av de utfordringene kommunen har som samfunn og organisasjon. Kommunen bestemmer selv innholdet i vurderingene.»

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkt fra statlige og regionale organ og nabokommuner. Fylkesmannen har kome med merknad til planstrategien, der dei peiker på nasjonale føringar i planlegginga, m.a. på beredskap som bør vere tema i planstrategien.

Kommunen hadde ein omfattande prosess på overordna ROS - analyse som vart vedteken i januar 2014. Samfunnet endrar seg raskt og nye moment, som til dømes kvikkleireproblematikken på Fløksand, har blitt kjent etter ROS-analysen. Administrasjonen vurderer det slik at framlegg om rullering av ROS-analysen bør leggjast fram for kommunestyre som sak, og deretter takast inn i planstrategien for kommunen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Slik kommunen ser det, er kommuneplan/samfunnsdel ein overordna plan som skisserer dei store liner, dette vert og stadfesta i nasjonale rettleiarar. Der heiter det m.a: «*Dei fleste kommuneplanene er og bør være av overordna strategisk karakter. Det er følgjeleg retninga på utviklinga i forhold til føringar tråkket opp i kommuneplanen som bør ha hovudfokus, ikkje en detaljert målanalyse.*»

I kommuneplanen er dette sagt om beredskap og samfunnstryggleik kap.2.8:

Kap. 2. 8 Beredskap og samfunnstryggleik

”Fossekrysset er et sted eg unngår -noen unger skal over vejen, og det kommer mange biler i stor fart ” fra Barnetråkk

Meland kommune har ansvar for å ta vare på innbyggjarane sin tryggleik. Kommunen har og viktige oppgåver knytt til førebygging og beredskap.

Arbeidet med beredskap og samfunnstryggleik er viktigare enn nokon gong i vårt samfunn. Vi må arbeide for å hindre at ulukke skjer ved å setje i gang risikoreduserande tiltak og samstundes vere budd på krisituasjonar.

Mål

Meland skal vere eit trygt lokalsamfunn og arbeide for ein sikker kvardag for den enkelte innbyggjar

Kva gjer vi

Vi arbeider for eit kommunalt tenestetilbod som også fungerer for uventa hendingar med fokus på beredskap og samfunnstryggleik i heile organisasjonen

Oppdatere beredskapsplanen årleg

Forankre arbeidet med beredskap politisk

Handtera kriser på ein slik måte at vi minskar omfang og konsekvensar

Øve på å handtere krisituasjonar

Meland kommune meiner at tema beredskap er teke med på overordna nivå i kommuneplanen sin samfunnsdel, men vi er samde i at tema ikkje er godt nok ivareteke i økonomiplanen og andre kommunale planar på lågare niva. Vi vil ha fokus på dette i vidare arbeidet med planar i kommunen.

Kommuneplanen sin arealdel

I Planskildring er det i kapittel 3.3 omtala «Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarhetsanalyse». I høve merknaden om kommuneplanen sin arealdel, meiner vi at temaet er teke vare på i føresegner godkjent 09.11.2016:

1.5 Krav om rekkjefølgje for å sikre samfunnsservice, teknisk infrastruktur mm, jf. pbl § 11-9, nr 4
1.5.3 For område avsett til framtidig bygg og anlegg kan det ikkje gjevast rammeløyve eller løyve ti igangsetting av nye tiltak før:

Det ligg føre ROS-analyse som syner utfordringar knytt til miljø, overvatn, sårbare artar, avløp, massehandtering m.m.

Avkøyringar / kryss med samband til kollektivhaldeplassar og fortau / gang- og sykkelveg langs hovudveg er etablert.

1.5.7 Samfunnssikkerhet, risiko og sårbarhet (ROS), jf. pbl § 4-3: Samla analyse for risiko- og sårbarheit for Meland kommune 2013 (KOMROS) skal leggjast til grunn for arbeid/ tiltak i kommunen. Tema frå KOMROS skal vurderast og takast med i ROS-analyse for planarbeid og tiltak. Vurdering av planlagde tiltak og beredskap skal sjåast i samanheng.

Meland kommune meiner at desse punkta i føresegene til kommuneplanen sin arealdel syner at temaet er integrert i arealplanlegginga etter plan- og bygningslova, slik det går fram av kommuneplanen sin arealdel og gjennom sjekklister for arealplanlegginga.

Merknader til avvik nr 2

Det vert sagt i førebels rapport at oppgåve- og ansvarsdeling ikkje er omtalt godt nok i beredskapsplanen, og at det ikkje kjem klart nok fram kven som har fullmakt til å kalle inn KKL. Kommunen vil då presisere følgjande:

Under kap. 5, pkt. 5.1. Varslingsprosedyre og varslingsliste for KKL står det: «*Ordførar og rådmann varslar kvarandre gjensidig. Rådmannen organiserer så den vidare varslinga av aktuelle medarbeidarar/andre instansar*». Kommunen kan såleis ikkje sjå at det er uklart kven som har fullmakt til å kalle inn KKL. Dersom rådmannen ikkje skulle vere tilgjengeleg, følgjer det av administrativt subdelegasjonsreglement at personal- og organisasjonssjef er stedfortreder for rådmannen. Dersom ordførar ikkje skulle vere tilgjengeleg, følgjer det av kommunelova at varaordførar trer inn.

Vi vil elles peike på at kommunen i hovudsak har den same strukturen i KKL no som ved tilsynet i 2008. Fylkesmannen meinte den gongen m.a. at rolleavklaringa internt i KKL var svært god, jf. vedlagte skriv frå fylkesmannen dat. 31.03.08. Vi er klar over at forskrift om kommunal beredskapsplikt er noko meir tydeleg kva gjeld roller og ansvar i KKL. Det er samstundes grunn til å peike på ulike prinsipp som vert omtalt og tilrådd i litteratur kring organisering av kommunalt beredskapsarbeid. Etter *ansvarsprinsippet* skal den som til dagleg har ansvaret for eit område, også ha ansvar ved kriser og katastrofar. Etter *likskapsprinsippet* skal den organisasjonen kommunen opererer med under kriser vere mest mogleg lik den organisasjonen ein har til dagleg. Dette dannar bakgrunn for den organiseringa kommunen til no har hatt når det gjeld KKL. Rådmannen sin fordeling av oppgåver i den aktuelle situasjonen har då vore gjort i samsvar med roller og ansvar i ordinær drift, og vi har aldri opplevd at dette temaet har vore eit problem eller til hinder for godt arbeid i KKL.

Med helsing

Kari Anne Iversen
Personal- og organisasjonssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skriv frå fylkesmannen dat. 31.03.08

Kopi til:

Ingvild Hjelmtveit

Mottakere:
Fylkesmannen i Hordaland

5020

BERGEN